



Ord te gagns Ord og uttrykk frå Surnadal

Da ORD TE GAGNS kom ut i 2010, bestemte Surnadal Heimbygdlag at innhaldet skulle ligge tilgjengeleg på nett. Etter avtale med Surnadal kommune vart boka lagt ut på kommunen si nettside under Kultur. No har stoffet vore ute av nettsida ein periode. Bygdefolk vart i si tid oppmoda om å komma med innspel og nye opplysningar om surndalsmålet. Det har ikkje komme så mange innspel, men det vi har fått, har vi registrert og lagt attåt det manuskriptet som vart trykt for åtte år sidan. No legg kommunen ut stoffet att med ein del oppdateringar merkt med raud skrift. I samråd med Bøfjorden Historielag har vi lagt inn ein del ord frå samlinga deira, ”Teft og tykkje”

Som førre gongen har vi lagt ut stoffet i fem bolkar: innleiing, bøyingsmønster, ordsamling, gardsnamn og særerne. Hovudbolken er sjølvstogt ordsamlinga med omkring 6000 oppslag, men for å få full nytte av denne, er det lurt å lese innleiinga først, og gjerne bøyingsmønster parallelt med oppslag i ordsamlinga. Gardsnamna og særerna er ”bonusstoff” som kan lesast for seg sjølv. Stoffet på CD-plata må du ha boka for å finne, der plata følgjer med. ORD TE GAGNS er som før å få kjøpt av Surnadal Heimbygdlag eller bokhandelen Notabene for 400 kr.

Vi tek framleis gjerne imot stoff som vi vil ta vare på i det digitale arkivet vårt. Det kan meldast til Surnadal Heimbygdlag på tlf. 71662133 / 48248913 eller e-post: sverre.hatle@online.no eller brev til: Gulla, Nordsida 829, 6650 Surnadal.



Lykke til med å lære meir om surndalsmålet og bruke målet ditt når du talar og skriv!

Beste helsing
Surnadal Heimbygdlag
oktober 2018

Ord te gagns Ord og uttrykk frå Surnadal